

Frå  
Merethe Offerdal Tveit  
Seimsvegen 175  
5472 Seimsfoss  
tlf 95894336  
epost: meretheofferdal@gmail.com

Til  
Ordførar Peder Sjo Slettebø og  
kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik.  
Kvinnherad kommune

02.04. 2019

Kjære ordførar og kommunedirektør

Vi er ein stor gjeng badstovefrelste innbyggjarar i Kvinnherad som gjerne vil fortelje litt om kvifor vi er så engasjerte i saka rundt nye garderobar ved bassenget i Rosendal, og vise litt av grunnane til at vi synes det er så trist at det ikkje er planar om å byggje badstove her.

Vi er mange som går og svømmer kvar veke, og fleire av oss to gonger i veka. Etterpå samlast vi i badstova. For dei fleste av oss er det ikkje sikkert vi hadde teke turen til bassenget om det ikkje var ei slik badstove. Bassenget er temmeleg kaldt, og på kalde vinterdagar frister det difor svært lite. Badstova er berre eit lite oppvarma rom, men det betyr så utruleg mykje for alle oss som bruker den. Det er ein kjempefin ikkje-kommersiell møteplass som er open for alle.

I Finland er det éi badstove pr. andre innbyggjar. I indre deler av Kvinnherad er det (røft rekna) ei på 4000 innbyggjarar. Vi ber om å få behalde denne eine.

Når det no ikkje er planar om badstove betyr det ikkje berre at vi som går der no mister tilbodet, men at ein mister tilbodet for uoverskuleg framtid. Dette synes vi er trist. Det er ein lang tradisjon ved bassenget i Rosendal ein her ynskjer å sette ein sluttstrek ved.

Vi forstår at vi no kjem inn seint i prosessen. Vi fekk ikkje høyre om planane før i oktober 2018. Då kontakta vi straks kommunen. Dei kunne bekrefte at det vi hadde høyrte stemte, og vi fekk vite at det no var for seint å inkludere noko badstove då teikningane var klare, og det var ikkje midlar i budsjettet til dette. Vi sendte eit brev til kommunen og forklarte kor viktig badstove er for oss som brukar bassenget. Seinare vart det sagt frå prosjektleiinga i kommunen at om dette vedtaket skal endrast må det opp politisk, og det var då vi starta prosessen med å få opp denne saka på ny, og byrja kontakte politikarar.

Avgjerdsla rundt garderobane vart gjort i 2014. Vi synes det er dumt at ingen av oss som brukar bassenget kvar veke visste noko om dette før seint i 2018. Vi hadde ingen moglegheit for å kome med innvendingar sidan vi aldri fekk vite om planane. Vi meiner det var ein stor feil at det aldri vart inkludert badstove i planane.

Litt under halvparten av dei 11, 5 millionane i garderobebudsjettet, kjem frå spelemidlar. Spelemidlar blir gjevne til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd (idrett og fysisk aktivitet for alle). Desse 5 millionane har ein ikkje fått til garderobar for svømmeundervisninga i skulen, men til folkebadet i Rosendal. Tre kvelder i veka er det familiebading, damebading og herrebading. Og i Noreg er det tradisjon for å ha badstove i alle folkebad.

Ein viktig funksjon bassenget har, er svømmeopplæring for born. Vi bur langs kysten og det er viktig at born lærer seg å symje. Symjeopplæring i skulen er svært viktig, og grunn til at nye garderobar blir bygd. Likevel er det ikkje nok timar med symjing i skulen til at dei fleste lærer seg dette her. Då er ein avhengige av folkebadet for å kunne trene på dette. Vi meiner det er god motivasjon med eit basseng med gode fasiliteter som lokkar småbarnsforeldre til familiebading og svømmetrening.

Som heimflytta Kvinnhering er bassenget med badstova det fritidstilbodet i Kvinnherad eg set aller mest pris på, og eit tilbod eg brukar for å lokke fleire til å flytte heim til Kvinnherad.

Under ser de eit knippe av dei som brukar badstova og ulike argument for å inkludere badstove i dei nye garderobeplanane. Takk for at de tek dykk tid til å høyre på oss!

Beste helsing  
Merethe Offerdal Tveit og «Badstovegjengen»

***Me som jobbar i bassenget ser kor mykje glede badegjestene har av badstova. Dei gler seg til å sitte i varmen og drøss med andre og kjenna varmen som senker skuldrene på kalde dagar.***

***For nokre år sidan var badstua stengt ein periode grunna manglar, og då det drygde frå kommunene sitt hald i å utbetre dei, tok til slutt private affære. Det vart arbeid dugnad og ei lokal røyrleggarbedrift kom og gjorde gratis arbeid slik at ein kunne opne den att. Det viser kor viktig badstova er for gjestene våre.***

Helsing Randi Vedaa Skåla og Randi Vassenden Skåla,  
badevakter ved bassenget.

***Å koma utanfrå til Kvinnherad er fantastisk, her på denne vetle plassen har ein alt ein treng, til og med eig basseng. Å koma på svømming har vore mosjon og rekreasjon for meg. Avslapping i badstova etter bading er føde for sjela, og der foregår dei gode samtalene, vennskap blir knytta til og med her.***

Hallgjerd Kofoed Hegland,  
tilflyttar, barnehagepedagog og badstoveentusiast.

***Nokre forskarar peiker på at badstu brukt jevnlig og fleire gonger per veke forebygger høgt blodtrykk og hjerte/karsjokdomar. Det som er helt sikkert er at det virkar smertelindrende***

***på revmatiske lidelser og muskelspenninger (som halve Norge lider av). I tillegg er svetting en effektiv måte å kvitte seg med avfallsstoff som hoper seg opp i kroppen, alle kan ikke drive høyintens trening, men alle kan klare 15 min i badstu. Og så må vi ikke glemme den mentale timeouten det er å være i basta. Og det sosiale aspektet som også er bra for mental helse.***

Miann Eylegar,  
einingsleiar for ergo og fysioterapi i Kvinnherad kommune  
og med ansvar for Varmebassenget på Husnes.

***I skulen er det ikkje tradisjon for eller tid til å vere i badstova. No snakkar vi om folkebad. I generasjonar har vi hatt ein tradisjon for, og tilbud om, dette i Norge. Det vert bakstrevere å kutte ut eit slikt tilbud no. Det vert ikkje bygd eit einaste basseng i dag som ikkje har badstove.***

Stein Schille,  
pensjonert rektor ved ungdomsskulen i Rosendal, tidlegare svømmelærer i skulen og no ivrig fritidssvømmar.

***Badstua er ei god avslutning på svømmetreninga og det er ein fin møteplass som eg alltid ser fram til. Ein får senka skuldrene og kjenner seg som fornya.***

Grete Solheim, bedriftsrådgiver Sparebank-1 og ivrig fritidssvømmar.

***Badstova er viktig for meg i samband med familiebadning . Å ta med kalde ungar ein tur i badstua for å «tine» dei opp etter ein time i bassenget gjer ein perfekt avslutning på ein sunn og god aktivitet. Det er viktig at ungar i ein kommune som vår, lærer å trives i vatnet.***

Karin Thauland, næringsrådgjevar i Kvinnherad kommune og fast gjest i bassenget.

***For oss betyr saunaen i Rosendal en liten bit av Syden på mørkeste og kaldeste vinteren, der gjer rett og slett godt for helsa. Eit lite lyspunkt i kvardagen. Ei lita fristund eller sosialstund. Godt for kroppen og blodsirkulasjon. For oss er saunaen heile basseng opplevelsen. Ingen sauna ingen basseng.***

Nina Storegjerde og Bush Zaki, Klipp & Kna, ivrige badstugjengarar

***Halve gleden ved å besøke svømmehallen i Rosendal er å ta badstu, det bli nok mindre bading uten badstu tilgjengelig***

Tina Constande Rosvold Eik, bioingeniør og fast gjest på familiebadning.

***Det er deilig å få badstu for det er så godt og varmt***

Rasmus Eik, 6 år